

**Fra:** Ole Bakkebø <olebakkebo@gmail.com>  
**Sendt:** tirsdag 5. juli 2022 14:09  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** ombygging av brønnhus og silo Gbnr: 58/9 Ole Tundal Bakkebø

## Alver kommune

### v/ Mette Robertsen.

Viser til dykker brev.

Tiltaket vart drøfta under forhandskonferansen 6.juli i fjar.

Kommentaren fra kommunen var den gong at sidan dette dreier seg om to eksisterande bygningar knytt til landbruk og næring og fortsatt skal vere ein del av driftsopplegget på bruket, så trenges ikke dispensasjon verken fra plan eller fra 100 metersbeltet. Tiltaket er i tråd med plan.

Store deler av tunskipnaden på bruket ligg i 100 m beltet, dog usynleg fra sjøen. Desse to gamle bygningskroppane skal byggast saman til eit hensiktsmessig vedhus/reidskapslager/gjerdemateriell på ca ca 2,5 x 8 kvm inneklemt mellom veg, gammal steintrapp og skjæring. Kommunen opplyste om at dette er kurrant sak, men at eg måtte lage ei målsatt teikning av skuret. Det gjorde eg, men kvaliteten på oversendia vert no sagt vere for dårlig ?

Det er underleg at kommunen i tillegg krev nabovarsling på dette tiltaket. Det synest vere å strekke lovverket langt. Naboer ser knapt dette bygget og status på bygningsmasse vert ikke endra, men bygninger restaurert, sett i stand og sikra ( brønnen spes ). Det var heller ikkje nevnt under førehandskonferansen at det skulle nabovarslast.

Når det gjeld plassering på situasjonskart, så er brønnen/silo allereie avmerka og innringa på kommunen sitt oversiktskart ( basert på flyfoto ) over området og det skulle ikkje vere behov for ytterlegare skildring av dette.

Det er difor ikkje aktuelt for meg å søkje dispensasjon for dette tiltaket. Dersom kommunen etter den informasjon som her er gitt, fortsatt meiner at det tiltaket er dispensasjonspliktig, så vil eg klage på det delen av vedtaket.

Dette er eit lite bruk som vi over mange år har sett i stand både kva bygningar, jorder, beiter, steingardar, murar og grøfter angår. Det aktuelle tiltaket er etter vårt syn i samsvar med lovverket og med kommunen sine ynskjer om å ta vare på og utvikle distriktslandbruket. I dag er det drift av sau på bruket. og eigedomen er bebudd.

Eg skal naturlegvis etterkomme kommunen sitt krav om at storleik på bygget skal innteiknast på situasjonskart. Eg sendte kommunen bakre enkle skisser av bygget som eg meinte var tilstrekkeleg for formålet. Det kan sikkert gjerast betre om kommunen måtte komme dit hen at dei vil forlange teikningar på eit skur på ca 25 kvm.. BRA )og bebygd areal ( BYA ) vert forøvrig ca 25 kvm.

Men denne saka vert no stilt i bero inntil kommunen på nytt vurderer grunnlaget for å kreve dispensasjonsbehandling for dette skuret.

Eg har prøvd å ringe om denne saka, men har ikkje fått kontakt med Mette Robertsen. Eg sender difor denne e-posten for å respondere.

Eg kan sende kommunen eit par bilde over bygningene slik dei ser ut i dag dersom det er ynskjeleg ?

Denne e-posten er sendt i ferien frå ein mobiltelefon.

Med helsing

Ole Bakkebø

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 58/9 Lygren indre**

Tiltak: Byggjestad: Tiltakshavar: Ansvarleg søker:

ombygging av brønnhus og silo Gbnr: 58/9

Ole Tundal Bakkebø

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.02.2022.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Ut frå det kommunen kan sjå vil bygg ved silo og brønn vere i strid med byggegrense mot sjø jf. pbl. §1-8. Det er noko uklårt om driftsbygning vil vere i strid med byggegrense mot sjø- Dette må synleggjerast i situasjonskart, jf. punkt 2.

Søknad må supplerast med dispensasjon pbl. §1-8.

Vedlagt følgjer generelt informasjonsskriv om dispensasjonssøknad. På side 5 i vedlegg ligg det skjema som kan nyttast til utfylling av søknad, eller rettleie om kva som er naudsynt informasjon.

2. Vedlagt situasjonskart må utbetrast. Situasjonskart må syne avstand til nabogrenser, sjø, og andre nærliggjande bygg for kvart av tiltaka. Ytre mål på tiltak bør gå fram på situasjonskart. Sjå vedlegg og bygesaksforskrifta (SAK10) §5-4 for ytterlegare informasjon om dette.

<https://dibk.no/regelverk/sak/2/5/5-4/>

3. Tiltaket, samt søknad om dispensasjon, må nabovarslast jf. pbl. §21-3. Søknad må supplerast med opplysningskjema og kvitteringsskjema for nabovarsling.

Syner på generell basis til at naboar har to veker på seg til å fremje merknadar. Eventuelle merknadar til tiltak må leggjast ved søknad.

4. Det må sendast inn planteikning av andre etasje på driftsbygg. Innsendt planteikning av første etasje har noko vage/utydelege linjer, og bør utbetraast slik at ytre rammer på tiltak går tydelegare fram.

Eventuelle terrengeinngrep som følgje av tiltak må synleggjerast på teikningar.

5. Søknad må supplerast med bruksareal (BRA) og bygd areal (BYA) for kvart av tiltaka.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **22.07.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing

Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande Einar Aase

Avdelingsleiar

### **Vedlegg:**

Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

5155n-opplysninger-gjeve-i-nabovarsel 5156n-kvittering-for-nabovarsel 18.+Dispensasjon+-+rev+desember+2017  
(2) 19.+Situasjonsplan+-+rev+10062015 (1) 20.+Nabovarsel+-+innhold+og+varslingsmåter+-+rev+10062015

### **Mottakarar:**

Ole Tundal Bakkebø SKANSELIEN 33 5031 BERGEN